



# FJELL KOMMUNE

Plan- og utbyggingssjefen

KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENTET

Postboks 8013 DEP  
0030 OSLO

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksb. – tlf.	Dato
	2016/2671 - 29624/2016	Hanna F Gjesdal - 55 09 73 38	09.12.2016

## **Høringsuttale - forbod mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygningar frå 2020**

Klima- og miljødepartementet sendte 12. oktober 2016 ut framlegg til forbod mot fyring med mineralolje i bygningar på høyring. Frist for å gi uttale til framlegget er sett til onsdag 11. januar 2017.

Sak om høringsuttale vart lagt fram til politisk handsaming i komité for drift og forvaltning tysdag 6. desember 2016. Dokument med saksprotokoll og saksframlegg ligg vedlagt, og vert å rekna som høringsuttale frå Fjell kommune.

Med helsing

Hanna F Gjesdal  
avdelingsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*



## SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
119/16	Komit� for drift og forvaltning	06.12.2016

### H yringsuttale: Framlegg om forbod mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygningar fr  2020

#### Samandrag av saka:

Klima- og milj departementet har sendt framlegg til forskrift om forbod mot bruk av mineralolje (fossil olje) til oppvarming p  h yring. Framlegget er utarbeida i samarbeid med Olje- og energidepartementet, m.a. n r det gjeld forsyningssikkerhet. H yringsfristen er sett til 11. januar 2017.

Bakgrunnen for framlegg til forskrift er klimaforliket fr  2012 og nye vedtak i Stortinget februar 2015 der regjeringa vert bedt om   vurdere forbod ogs  knytt til topplast/spisslast. F rem let med eit forbod mot fyring med mineralolje er   redusera utslipp av klimagassar fr  oppvarming av bygningar. Samstundes m  omsynet til forsyningssikkerhet takast ivare. Framlegget inneber at fyring med mineralolje til oppvarming i bygg vert forbydd fr  1. januar 2020.

R dmannen er positiv til framlegget. Det vil bidra til   redusera klimagassutsleppa i kommunen, b de fr  kommunale bygg, yrkesbygg og bustader. M gleg unntak m  avgrensast til   gjelda spisslast i yrkesbygg , og med tydeleg krav om vedlikehald av oljekjel og –tank. Det vil vera viktig   f  fjerna oljekjel og nedgravne oljetankar, for   f rebyggja grunnforureining ved lekkasje.

#### Innstilling:

Komit  for drift og forvaltning (KDF) sluttar seg til r dmannen si vurdering i saksframlegget.

Straume, den 04.11.2016

Steinar Nesse  
R dmann

Berit Karin Rystad  
Plan- og utbyggingssjef

## **Handsama i Komité for drift og forvaltning - 06.12.2016:**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

## **Vedtak i Komité for drift og forvaltning - 06.12.2016:**

Komité for drift og forvaltning (KDF) sluttar seg til rådmannen si vurdering i saksframlegget.

### **Dokument vedlagt saka:**

Høyringsside: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing---forbud-mot-fyring-med-mineralolje/id2515472/>

Høyringsnotat: [https://www.regjeringen.no/contentassets/69712609054a4d499200f610b1fe8a70/horingsnotat\\_forbud\\_mineralolje\\_oppvamring\\_bygninger.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/69712609054a4d499200f610b1fe8a70/horingsnotat_forbud_mineralolje_oppvamring_bygninger.pdf)

Konsekvens-  
utgreiing: [https://www.regjeringen.no/contentassets/69712609054a4d499200f610b1fe8a70/konsekvensutredning\\_forbud\\_fyring\\_fossil\\_olje\\_byggsektoren.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/69712609054a4d499200f610b1fe8a70/konsekvensutredning_forbud_fyring_fossil_olje_byggsektoren.pdf)

### **Saksopplysningar:**

Klima- og miljødepartementet har sendt framlegg til forskrift om forbod mot bruk av mineralolje (fossil olje) til oppvarming på høyring. Framlegget er utarbeida i samarbeid med Olje- og energidepartementet, m.a. når det gjeld forsyningssikkerhet. Høyringsfristen er sett til 11. januar 2017.

Bakgrunnen for framlegg til forskrift er klimaforliket frå 2012 (Innst. 390 S (2011-2012)), og Stortinget sitt oppmodingsvedtak nr. 563, 11. juni 2012 der følgjande vart vedteke:

*"Stortinget ber regjeringen innføre forbud mot fyring med fossil olje i husholdninger og til grunnlast i øvrige bygg i 2020. Dette forutsetter støtteordninger fra 2013 og øvrige virkemidler i en overgangsperiode. Forbudet og utfasingen må utformes med nødvendige unntak og slik at forsyningssikkerheten ivaretas. Unntakene utredes nærmere før forbudet endelig vedtas."*

I ettertid har Stortinget vedteke at det skal vurderast å utvida forbodet til også å omfatta topplast (spisslast), jf. oppmodingsvedtak nr. 387 frå 3. februar 2015. Bestillinga er ytterlegare spissa gjennom uttale frå Stortinget sin energi- og miljøkomité i juni 2016, der det m.a. vart sagt at forbodet skal gjelde all fossil oppvarming, inkludert spisslast, men med naudsynte moglegheitene til unntak, jf. Innst. 201 S (2015-2016).

Føremålet med eit forbod mot fyring med mineralolje er å redusera utslipp av klimagassar frå oppvarming av bygningar. Samstundes må omsynet til forsyningssikkerhet takast ivare. Framlegget inneber at fyring med mineralolje til oppvarming i bygg vert forbydd frå 1. januar 2020. Dei som nyttar mineralolje til oppvarming av bygg i dag må innretta seg med ein anna oppvarmingsløyising innan 2020.

Mineralolje er olje av mineralsk opphav, gjerne omtala som fossil olje, og som inkluderer fyringsolje og fyringsparafin. Grunnlast er den effekten som skal til for å dekkja hovuddelen av behovet for oppvarming over året i eit normalår. Spisslast er den effekten som i tillegg til grunnlasten skal til for å dekkja effektbehovet til oppvarming ved låge utetemperaturar.

I høyringsnotatet vert det lagt fram to alternative forbod knytt til yrkesbygg; eit forbod som kunn omfattar grunnlast og eit forbod som også omfattar spisslast.

Vidare føresett forskriftsframlegget at mindre fjernvarmeanlegg (< 1 MW), som vert nytta til oppvarming av bygg, vert oppfatta tilsvarende yrkesbygg. Det vert føreslått unntak for fritidsbustader til og med 70 m<sup>2</sup> bruksareal, driftsbygningar i landbruket og midlertidige bygg. Det vert også føreslått unntak der hovudføremålet med forbrenningsanlegget er å levera energi til industriproduksjon. For å ta ivare omsynet til forsyningstryggleika vert NVE gitt mynde til å fatta vedtak om at forbodet ikkje skal gjelda i ein tidsavgrensa periode innafor eit avgrensa geografisk område. Nettselskapa vert pålagt plikt til å melda frå dersom planlagt utfasing av mineralolje til oppvarming vil gi konsekvensar av betydning for forsyningstryggleiken i deira område.

Forbodet vert føreslått fastsett i ei ny felles forskrift som vert heimla i forureiningslova og energilova, der både kommunen og NVE vil ha mynde, og vil omfatta faktisk bruk av olje i eksisterande bygg. Regelverket vil dermed verte styrka med omsyn til regulering av klimagassutslepp frå byggesektoren. Mange energibærare kan vera aktuelle for å erstatta oljefyr, t.d. varmpumpe, elektrisk oppvarming og fîls- og pelletskjeler. Forbodet kan gi auke i bruk av bioolje og fossil gass.

Miljødirektoratet (Mdir) har estimert at forbodet i snitt vil gi ei årleg utsleppsreduksjon på 250 000 – 340 000 tonn CO<sub>2</sub> over perioden 2016-2035. Vidare kjem forbodet i Mdir sine estimat ut som klart lønsamt; 1.9 – 2.5 mrd. koner i analyseperioden 2016-2035.

I tillegg kjem effektar som ikkje er prissett:

- Forbodet er venta å føra til at eldre oljetankar vert raskare gravdopp, noko som vil redusert fare for forureining av grunn og spara kostnader knytt til opprydding etter lekkasjar.
- Forbodet kan medføra auka kostnader til oppgradering av kraftnettet ved behov.

### **Vurdering:**

Ny forskrift om forbod mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygningar får konsekvensar for kommunen på fleire område. Kommunen må «feia for eiga dør» og bytta ut varmeanlegg med oljekjel i kommunale bygg. Dette arbeidet jobbar kommunen kontinuerleg med. Vidare får kommunen eit ansvar for å følgja opp at forbodet vert haldt, både i bustader og yrkesbygg. Høyringsnotatet tek til orde for at ei slik tilsynsfunksjon kan koordinerast med eksisterande tilsyn med fyringsanlegg (feing). For Fjell kommune vil det vera naturleg å samarbeida med Sotra brannvern om oppgåva.

Gjennom handsaming av byggesøknader skal Fjell kommune syta for at nye bygg møter dei nye krava til energibærare knytt til oppvarming av bygg. Det er derfor veldig bra at det ser ut til å vera samanheng mellom krav i ny forskrift og gjeldande byggteknisk forskrift, TEK10, inklusive dei nye energikrava i TEK 10 som trådde i kraft 1. januar 2016.

Unntak frå forbodet for fritidsbustader til og med 70 m<sup>2</sup> bruksareal er samanfallande med grensa for unntak til energikrava nytta i TEK 10. Det bør vurderast høve til å søkja dispensasjon frå forbodet for eksisterande fritidsbustader som ikkje er knytt til strømnnett. For nye fritidsbustader som ikkje er knytt til strømnnett bør det setjast krav om alternative løysingar, t.d. vedfyring, fîls- og pelletskjeler. Dette kravet bør gjelde uavhengig av bruksareal.

Unntaket knytt til midlertidige bygningar er samanfallande med krava i TEK 10. Definisjon når det gjeld midlertidig bygg inntil to år, er samanfallande med bruken av omgrepet i byggesaker og plan- og bygningslova.

Rådmannen understrekar at mogleg unntak frå forskrifta bør avgrensast til å gjelda spisslast i yrkesbygg , og med tydeleg krav om vedlikehald av oljekjel og –tank. Forskrifta vil vera eit viktig insentiv for å få fjerna oljekjel og nedgravne oljetankar, for å førebyggja grunnforureining ved lekkasje. Gode tilskotsordningar ved omlegging vil vera viktig, og bør inkludera oppgraving og destruering av oljetankar.